

**Vassendgutane med rekordpublikum også i 2009?**

05.04.2009

**Onsdag opnar ingen ringare enn Vassendgutane låvedans-sesongen på Dønhaug for tredje året på rad og det blir nok fullt hus denne gongen og.**

**For sjølv om dei spela for meir enn 100.000 landet rundt i fjor, er det grunn til å tru at talet blir enda høgere i år og Uskedalen er neppe noko unnatak.**

**Bandet har hatt ein fantastisk utvikling sidan ein vennegjeng fann ein gamal gitar og eit ditto trommesett og starta øvingene sine i kjelleren i sitt heimlege ungdomshus.**

For "bøndene frå Ørsta" er nærmast utruleg populære, dei er på popularitetstoppen i landet. Det har nok mykje å gjera med at det dei presenterer i kva dei sjølve kallar fest-country-sjangaren er rotekte norsk.

Men det er ikke noko musikalsk eller sangleg analyse vi har på hjertet her, vi skal berre lekke litt frå bloggen til ein av dei sju "gutane", gitarist Leif Aase. Han er slett ikkje frå opphavsstaden Åmdalen i Ørsta, men frå Sotra, og vart henta inn i bandet så seint som sommeren 2007. Då hadde Vassendgutane allereie eksistert i 11 år.

No fredag spela Vassendgutane for overfylt hus på Ricks i Bergen og gjennom bloggen til Leif fortel Sindre Aam om den fyrste gongen dei spela der. Forhandlingane om prisen gjekk ikke så bra. Det er mogleg å forstå at dei var skeptiske til ein gjeng med bønder frå Sunnmøre som skulle komma og spela i "Bydn". Til slutt vart løysinga at bandet rett og slett tok pengene dei fekk inn i døra. Lokalet vart fullt og bandet fekk rundt 180.000 kroner for den spelejobben! Det Vassendgutane eigentleg forlangte var mindre enn halvparten av denne summen. Så sidan den gongen har dei prøvd å beholde den avtalen!

Men det er tydelig at turneverksemnda til dei sju velvaksne karane slett ikke berre handlar om pengar.

Det handlar ikke minst om speleglede og nokre liner i bloggen til Leif seier mykje om det - indirekte:

"For alle som ikkje bur i mitt heimområde, kan eg lova at me også dette året spelar i heile landet. Så me vert å sjå like mykje på vegen i 2009 som i fjor, og det er nettopp det me synast er så kjekt. Eg gler meg til å treffa både nye og gamle kjende i løpet av det neste året. Det er alltid like kjekt kor enn me spelar."

Her er dei sju "gutane": Lars Egil Vårseter (steelgitar), Ernst Olav Brune (trekkspel), Arthur Johan Bjørdal (vokal og gitar), Sindre Aam (vokal og bass), Rune Ståle Brautaset (vokal og gitar), Leif Aase (el-gitar og koring) og Bjørn Magnus Øyehaug (trommer og koring).

Av Ola Matti Mathisen